



PROTOKOLL FOR STYREMØTE 3/2026

Møtet vart halde torsdag 18.06.2025 klokka 18.00 på Skånevik Fjordhotell. Styret var vedtaksdyktig.

Til stades frå styret:

- Erik Opheim Rognøy – Leiar
- Vidar Matre – Nestleiar
- June Marie Horneland – Kasserar
- Kristine Ebne – Styremedlem

Til stades frå gruppene:

- Toril Helle – Fotball
- Åse Hjelmervik – Handball
- Kari Johansson – Volleyball

SAKSLISTE

Vedtakssaker:

Sak 1: Godkjenning av innkalling.

Sak 2: Godkjenning av saksliste.

Sak 3: Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 2/2026.

Sak 4: Val av farge på shorts.

Sak 5: Igangsette oppgradering av Kjærlighetsstien.

Sak 6: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet:

Sak 6-1: Idrettslaget sitt syn på arrangement med alkoholservering

Orienteringssaker:

O-sak 1: Avtale med Scan Trade om levering av klubbklede, drakter og utstyr.

O-sak 2: Bytte av e-postleverandør.

O-sak 3: Status Frivilligsentralen i Skånevik.

O-sak 4: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet:

O-sak 4-1: Dugnad

O-sak 4-2: Medlemskontroll



VEDTAKSSAKER

Sak 1: Godkjenning av innkalling.

Forlag til vedtak:

- Innkallinga godkjennast.

Vedtak:

- Innkallinga vart godkjent.

Sak 2: Godkjenning av saksliste.

Forslag til vedtak:

- Saksliste godkjennast.

Vedtak:

- Saksliste vart godkjent,

Vedtaket var einstemmig.

Sak 3: Godkjenning av protokoll frå møte nr. 2/2026

Forslag til vedtak:

- Protokoll frå styremøte 2/2026 godkjennast.

Vedtak:

- Protokollen vart godkjent med følgjande merknader:
 - Det har tatt for lang tid å fullføre protokollen og gjere den tilgjengeleg.
 - Det skal varslast til alle styremedlemmene når protokollen er fullført.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 4: Val av farge på shorts

Årsmøtet har pålagt styret å kartleggje ønskje frå medlemmane våre og bestemme farge på shortsane til idrettslaget.

På årsmøtet i 2025 blei det vedtatt at shortsane skal vere blå.

Det bli i forkant av årsmøtet utført ein spørjeundersøking på Spond der medlemmane kunne stemme over blå eller rød farge på shortsane. Blå fekk 37% av stemmene, rød fekk 63% av stemmene. Det var totalt 93 (59%) betalende medlemmer som stemte. Det er kun eit fåtal av dei betalende medlemmane som ikkje er på Spond.

Styreleiar er i villreie korleis ein skal kartleie betre enn gjennom ein avstemming på det medium som dei aller fleste av medlemmane våre bruker.

Styret må kome med eit vedtak slik at me får lukka denne saka.

Forslag til vedtak:



- **Forslag 1:** Styret støtter vedtak frå årsmøtet i 2025 og bestemmer at fargen på shortsane til idrettslaget skal vere blå.
- **Forslag 2:** Styret tar fleirtalet frå spørjeundersøkinga utført i Spond i forkant av årsmøtet 2026 til etterretning og bestemmer at fargen på shortsane til idrettslaget skal vere rød.
- **Forslag 3:** Styret ber gruppene Fotball, Handball og Volleyball, som er brukarane av shortsane, til å kome med si innstilling, enten ei samla innstilling som representerer alle gruppene saman, eller individuelle innstillingar frå kvar gruppe for seg, og styret forpliktar seg til å følge den samla innstillinga frå gruppene eller fleirtalet av dei individuelle innstillingane frå gruppene.

Vedtak:

- Det skal arrangerast ny avstemming. Informasjon skal leggjast ut på heimeside, FB og på oppslagstavla. Dei som ikkje kan stemme på Spond kan sende sin stemme på e-post eller SMS til styreleiar. Stemmene haldast anonyme. Kun betalande medlem og æresmedlem kan stemme.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 5: Igangsette oppgradering av Kjærlighetsstien

Den nødvendige oppgraderinga av Kjærlighetsstien er ikkje fullfinansiert enda. Foreløpig budsjett blei lagt fram for styret. Det foreløpige budsjettet går i balanse, forutsett at idrettslaget tildelast totalt kroner 150 000,- i ekstra støtte fordelt på Sparebanken Norge (søknad i september-oktober), SBUL (søknad sendt og forventast behandla i august) og SØK Stiftinga (søknad i september-oktober).

Siv Ribesen er beden om å gå gjennom og kvalitetssikre tilbod motteke frå Haugaland Kraft Energi (HKE).

Finansieringa må vere 100% på plass før spelemidlar kan tildelast. Sidan ein del av søknadane om støtte frå dei lokale stiftingane ikkje er behandla enda må manglande finansiering dekkast av idrettslaget som eit forskot viss me skal kome i gang med utbetringane til hausten.

Potensialet for mengde og verdi av dugnadsarbeid er mykje høgare enn det som ligg inne i budsjettet i dag. Viss me får godkjent meir dugnadsarbeid vil behovet for støtte gå ned.

Forslag til vedtak:

- Styret godkjenn at arbeidet med å oppgradere Kjærlighetsstien kan setjast i gang til hausten med følgjande forutsetningar:
 - Vestland Fylkeskommune har bekrefta at prosjektet er godkjent for tildeling av spelemidlar med verd som ligg inne i budsjettet lagt fram for styret under styremøte 3/2026.
 - Dei totale kostnadane ikkje overstig det som ligg inne i budsjettet lagt fram for styret under styremøte 3/2026.
 - Verdi av dugnad er bekrefta av fagbedrift (HKE).



Vedtak:

- Styret godkjenn at arbeidet med å oppgradere Kjærlighetsstien kan setjast i gang til hausten med følgjande forutsetningar:
 - Vestland Fylkeskommune har bekrefta at prosjektet er godkjent for tildeling av spelemidlar med verd som ligg inne i budsjettet lagt fram for styret under styremøte 3/2026.
 - Dei totale kostnadane ikkje overstig det som ligg inne i budsjettet lagt fram for styret under styremøte 3/2026.
 - Verdi av dugnad er bekrefta av fagbedrift (HKE).
 - Rentefritt lån frå Sparebankstiftelsen Etne for å dekkje moms og spelemidlar til desse blir utbetalt.

Vedtaket var einstemmig.

Sak 6: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet.

Følgjande sak blei lagt til ved oppstarten av møtet:

Sak 6-1: Idrettslaget sitt syn på arrangement med alkoholservering

Skånevik Kultur- og Idrettshall skal arrangere VM-fest med alkoholservering der barn ned til 12 år har tilgang. Dagleg leiar i idrettshallen har vore i kontakt med styreleiar om kontaktinformasjon til alle trenarar for lag med medlem frå 12 år og oppover. Styreleiar har avvist denne førespurnaden sidan det er alkoholservering og NIF sin mal for retningslinjer for alkohol åtvarar mot å blande alkohol og barn.

Sidan idrettslaget ikkje har egne vedtekne retningslinjer for alkohol må saka avklarast av styret.

Vedtak:

- Idrettslaget skal ikkje arrangere egne eller promotere arrangement halde av andre der mindreårige har tilgjenge samstundes som det vert servert alkohol.

Vedtaket var einstemmig.

ORIENTERINGSSAKER

O-sak 1: Avtale med Scan Trade om levering av klubbklede, drakter og utstyr

Styreleiar presenterte avtalen med Scan Trade til gruppane.

Design for nye drakter og klubbkolleksjon blei vist. Det var einigheit om at logoen til Haugaland Kraft blei litt vel dominerande på klubbkolleksjonen. Styreleiar vil sjekke om det finnast ein alternativ logo som ikkje er så dominerande og som får fram namnet «Haugaland Kraft» betre en den vanlege logoen.

Styreleiar vil gjere avtalen med Scan Trade tilgjengeleg for alle gruppane. Til å begynne med på Spond-gruppa der invitasjon til styremøta blir sende, seinare på Teams / Sharepoint når dette er på plass, sjå o-sak 2.



O-sak 2: Bytte av e-postleverandør

Dedia, som leverer heimesidetenesta i dag, blir ny leverandør av epost-kontoar til idrettslaget. Dedia brukar Microsoft 365. Kvar gruppe får sin eigen epostkonto med tilhøyrande Teams og Sharepoint.”

Gruppene som hadde møtt til møtet var einig i at dette er ein god plan.

O-sak 3: Status Frivilligsentralen i Skånevik.

Kristine Ebne informerer om status til Frivilligsentralen i Skånevik.

Det er søkt om stateleg finansiering. Behandlingstid er 2 månadar og me kan forvente svar i august.

Som organisasjonsform er Frivillig foreining valt. Til samanlikning er Etne frivilligsentral ein stiftelse.

Styret består av:

- Leiar: Lars Øyre (Soknerådet)
- Nestleiar: Kristine Ebne (Skånevik Idrettslag)
- Styremedlem: Hilde (Etne kommune)
- Styremedlem: Mona (Etne kommune)
- Styremedlem: representant frå dei frivillige (blir valt på årsmøtet)
- Styremedlem: representant frå dei frivillige (blir valt på årsmøtet)

Framover:

- Ferdigstille vedtekter.
- Utarbeide stillingsannonse og søkje dagleg leiar med oppstart 1. januar.

Korleis håpar me at frivilligsentralen kan bistå Idrettslaget?

- Bistå foreiningar med søknad om midlar.
- Vise vidare til idrettslaget om nokon ønskjer å drive frivillig arbeid i regi av idrettslaget.
- Bistå dersom det er arrangement som skal gjennomførast.

Merk: Frivilligsentralen består av dagleg leiar og frivillige som ønskjer å drive frivillig arbeid i lokalmiljøet. Altså vil bidrag frå frivilligsentralen vere avhengig av at det finst frivillige som ønskjer å utføre desse oppgåvene.

O-sak 4: Andre saker lagt til ved oppstart av møtet

Følgjande o-saker blei lagt til ved oppstart av møtet:

O-sak 4-1: Dugnad

Det blir dugnad for Skånevik Stadion og Kunstgrasbanen laurdag 20.juni. Invitasjon er sendt på Spond til alle medlem over 15 år og føresette.

O-sak 4-2: Medlemskontroll


Kvart år er det ein del medlem som ikkje betalar medlemsavgifta. Det kan vere fleire grunnar til at medlem ikkje betalar. Men medlemsavgifta er ei av dei viktigaste inntektskjeldene til idrettslaget og me får berre tilskot for betalande medlem, ikkje registrerte medlem.




Purring på ubetalt medlemskontingent vil bli sendt ut rundt 20.juni.

Gruppene vil bli bedne om å gjennomføre medlemskontroll når aktivitetene startar opp igjen til hausten. Gruppene lagar liste over kven som deltar i aktivitetene til gruppene og styret sjekkar så opp kven som ikkje har betalt eller ikkje er medlem.

Skånevik 20.06.2026


Erik Opheim Rognøy
Leiar


Vidar Matre
Nestleiar & sekretær